

Språk og leseplan

Lom kommune

Dato: 29.06.2026

Innhald

Innleiing	3
Helsestasjon	4
Barnehagen	9
1. klasse.....	12
2. klasse.....	15
3. klasse.....	18
4. klasse.....	21
5. klasse.....	25
6. klasse.....	28
7. klasse.....	32
8. klasse.....	36
9. klasse.....	39
10. klasse.....	42
Biblioteket	47
Pedagogisk-psykologisk teneste (PPT)	51
Kartleggingsplan for grunnskulen i Lom.....	52

Innleiing

Språk og lesing er grunnleggjande føresetnader for læring, deltaking og livsmeistring. Lom kommune vil gjennom denne planen sikre ei samordna, langsiktig og forpliktande satsing på språk- og lesekompetanse for alle barn og unge frå 0–16 år. Planen omfattar helsestasjon, barnehage, grunnskule, PPT og biblioteket, og skal sikre progresjon, kvalitet og tidleg innsats.

Overordna mål for alle som arbeider rundt barn og unge:

- Alle barn skal utvikle eit rikt språk frå tidleg alder.
- Alle elevar skal mestre lesing og skriving som grunnlag for læring i alle fag.
- Kommunen skal liggje føre i tidleg innsats og tverrfagleg samarbeid.
- Læringsmiljøet skal fremje leseglede, mangfald og inkludering.
- Foreldre skal vere aktive medspelarar i språkutvikling og lesing frå 0–16 år.

For å sikre ein tydeleg progresjon og gode overgangar nyttar planen same tenking som BTI-modellen med tre tiltaksnivå. Dette omfattar nivå for ordinær opplæring, intensiv innsats og individuell tilrettelegging. Modellen skal bidra til at alle barn får rett hjelp, rett tidspunkt og på rett nivå.

Helsestasjonen

Helsestasjonen si rolle i barnet si språkutvikling:

Ved å vurdere barnet si språkforståing, talespråk og samspel med omgjevnadane, kan helsesjukepleiar få eit heilskapleg bilde av barnet si utvikling. Dette kan avdekke andre tilstandar som har behov for ytterlegare undersøkingar.

Tidleg identifisering av språkutfordringar hjå barn gjev helsesjukepleiar grunnlag for samarbeid med barnehage og tilvising til instansar som kan gje målretta støtte og hjelp/tiltak til barnet og familien.

Helsesjukepleiar vurderer barnet si språkutvikling og progresjon på familien sitt heimespråk. Familiar som brukar fleire språk, blir det avklart med familien kva språk som skal bli vurdert.

Forsinka språkutvikling kan skuldast somatisk tilstand hjå barnet eller manglande samspel med omgjevnadane. Helsesjukepleiar bør i slike tilfelle samarbeide med andre personalgrupper på helsestasjonen. Fastlegen blir kontakta ved behov.

Ved all bekymring for forsinka språkutvikling, bør helsestasjonen samarbeide med barnehagen.

Helsestasjonen bør vera merksame på barn som ikkje går i barnehage. Det bør være låg terskel for å drøfte med, og anwise til, PPT ved eventuelle språklege utfordringar hjå barnet.

Samarbeid med barnehage, skule, kontakt med fastlege eller tilvising til PPT krev samtykke frå foreldre for deling av opplysningar eller anna unntak frå teieplikta.

I rettleiing og informasjon til foreldre inngår fylgjande:

- barn si språkutvikling generelt
- betydning av å bruke familien sitt heimespråk
- tolking av det einskilde barn sin kommunikasjon

- korleis foreldre kan stimulere barnet si språkutvikling i kvardagen, og korleis dei kan tilpasse sin kommunikasjon for å støtte barnet si språklege utvikling
- forelder si eigen bevisstheit kring bruk av skjerm/mobil og betydning av å delta i interaksjon med barnet.
- betydning av å delta i barnehage eller ha deltids- eller heiltidsplass i barnehagen, dersom barnet ikkje går i barnehage

anna som har betydning for det einskilde barnet.

Ved bekymring for om somatiske tilstandar hjå barnet eller manglande samspel med omgjevnadane er årsak til språkutfordringar, er desse tiltaka aktuelle:

- utelukke nedslått høyrse
- samarbeide med andre personalgrupper på helsestasjonen, som t.d. helsestasjonslege og fysioterapeut.
- kontakt fastlegen ved behov.

Dersom helsestasjonen har bekymring om forsinka språkutvikling hjå barn som:

- går i barnehagen: samarbeide med barnehagen.
- ikkje går i barnehagen: ha låg terskel for å drøfte med og eventuelt anwise til PPT. Gje foreldre råd om å søke barnehageplass.
- Overgang til skule, skulestart.

Alder	Fokus på / arbeidsmåtar Milepælar i språkutvikling	Kartlegging Observer om barnet	Hjelpemiddel	Foreldresamarbeid og - møte
0-6 år		Kontinuerleg observering og vurdering av barnet si språkforståing, talespråk og samspel med omgjevnadane	Faste konsultasjonar på helsestasjonen	Tilpassa foreldrerettleiing / informasjon om språkstimulering
Nyfødt - 6 mnd	Uttrykker seg gjennom gråt, smil, ansiktsuttrykk og rørsler. Reagerer på lydar og utforskar lydproduksjon gjennom pludring.	• reagerer på lydar • lagar lydar • har samspel med omgjevnadane		Samarbeid med biblioteket: • utdeling av boka «Revungen» • informasjon til foreldre, lesestimulering
6-12 mnd	Engasjerer seg i samspel med omgjevnadane ved å observere, lytte og delta i turtaking/dialog. Eksperimenterer med ulike lydar, med varierende intonasjon og tonefall, som gjenspeglar lydar i omgjevnadane.	• bablar, brukar gestar, etterliknar og reagerer på lydar • snur seg mot lydar og responderer på kjente stemmer		

	Gradvis forståing av enkle ord.	• brukar enkle lydar som «ma-ma» eller «ba-ba»		
1-2 år	Utviklar gradvis auka språkforståing gjennom interesse for objekt eller kroppsdelar ved å peike. Forstår enkle oppfordringar med støtte av kroppsspråk. Byrjar med einskildord og set saman to ord. Peikar på gjenstand når namnet på gjenstanden blir sagt.	• peikar til dømes på kroppsdelar som nase, augo eller øyro eller konkrete ting i ei bildebok på oppfordring • gjentek ord (på heimespråk) • reagerer på namnet sitt • forstår instruksjon som til dømes «kan du hente ballen»		
2 år	Utviklar evne til å gjera seg forstått, formidle tankar og behov. Forstår enkle spørsmål/beskjedar og oppgåver. Barnet fylgjer enkle instruksjonar som ikkje er støtta av kroppsspråk, til	• har språkforståing • set saman to ord, til dømes «drikke vatn» • viser interesse for språk, ved til dømes å peike og spørje om		

	dømes «kan du hente støvlane?» Kan setje saman to ord.	namn på ting/gjenstand • blir forstått av næraste omsorgspersonar		
4 år	Utviklar forståeleg tale og eit verbalt språk. Har eit situasjonsuavhengig språk. Deltak i lengre dialogar og kan uttrykke idear og kjensler. Kan fortelje om hendingar og forstå daglege spørsmål. Stiller og svarar på spørsmål. Kan formidle informasjon om ting, til dømes fortelje «kva ei bok er».	• har forståeleg tale • meistarar ordbøyingar, forstår preposisjonar (over/under) og dobbeltbeskjedar som «hent skoa og lat att døra» • forstår omgrep som fargar og tal • forstår meiningsmotsetningar som låg-høg, storleiksord som stor-liten, forstår nektande setningar og årsak-verknad (kva skjer om?) • eksperimenterer med språket og brukar språket aktivt i lek og interaksjon med andre	Undersøking av syn og høyrsel. Språk 4-test	Samarbeid med fysioterapeut og barnehage. Motorisk gruppe i barnehagen: • samtykke av føresette • fysioterapeut leiar gruppa • samarbeid helsesjukepleiar, pedagogisk personale og fysioterapeut.

5-6 år			• Undersøking av syn. • Høyrsestest på indikasjon.	
--------	--	--	---	--

Barnehagen

Kartlegging	• Oppstartssamtale: fyrste informasjon frå føresette om barnet si språkutvikling • Relasjonskartlegging Skjer etter behov og vurdering av kva som er mest eigna: • TRAS • Alle med • Askeladden • Artikulasjonstest - fonemtest
Hjelpemiddel	• Biletbøker • Song, rim og regler • Språkleiker • ASK • Sjølvlaga pedagogisk materiell • Spel • Snakkepakken • Språksprell • Mattekista • Biletstøtte

Foreldresamarbeid	• Språkutvikling er tema på alle foreldresamtaler • Bevisstgjere foreldre på kor viktig samtale med barn, høgtlesing og song er for den språklege utviklinga • Foreldremøte med tema lesing- biblioteket er inne 3.kvart år og presenterer bøker • Boktasker • Barnehageles
-------------------	---

Alder	Mål	Fokus på / arbeidsmåtar
0-1 år	• Lytte, observere og gje respons i gjensidig samhandling med barn og vaksne • Barn skal kjenne glede over å kommunisere med andre • Vaksne må skape tryggleik og tillit mellom barna og mellom vaksne og barn.	• Vaksne må vere gode språkmodellar • Ha bøker tilgjengeleg for barna • Alle i personalet må ha kunnskap om barn si språkutvikling, og vite kor viktig det er med tidleg stimulering • Språk og lesing må vere tema på personal- og avdelingsmøter
1-3 år	• Utvikle omgrepsforståing • Utvikle ordforråd • Utvikle kompetanse i å: ○ bruke språket ○ uttrykke seg ○ samhandle med andre	• Setje ord på daglege ting og hendingar. • Samtale med barna med utgangspunkt i deira erfaringar og interesser • Bruke bilete og konkretar • Drama • Song • Høgtlesing og forteljing • Rolleleik • Regelleik
3-4 år	• Utvikle situasjonsuavhengig språk • Utvikle språkleg medvit: • Bli kjend med at ord kan delast i stavingar	• Vaksne må leggje til rette for leik og inspirere til vidareutvikling av leik

	• Erfare at bokstavar og skrift har meining og at ord kan ha ulikt innhald	• Personalet må ha kunnskap om kor viktig leik er for barn si språkutvikling
4 år	• Kunne skilje lyd og bokstavnamn • Lære enkelte ordbilete • Bevisstgjeriing kring leseretning • Bevisstgjeriing kring rett blyantgrep	• Vaksne må stimulere til lydar, ord og språk • Leik med språket: Tullerim, framlydsanalyse • Rim og reglar, songar og dikt • Språkleiker • Klappe ord, rytme og stavingar • Tekstskaping • Leikeskriving • Alfabetet synleg på avdelinga

1. klasse

Lese, lytte og forstå:	Fokus på / arbeidsmåtar	Kartlegging	Hjelpemiddel	Foreldresamarbeid og -møte
Tema: Bokstavane – rim og reglar – eventyr og forteljingar – faktatekster – vitsar og gåter – fest og fyrverkeri				
Språk og grammatikk: Bokstavinnlæring Språkleik Høgfrequente ord Grafem Analyseomgrep	Fokus: Dagleg høgtlesing og samtale om innhaldet Biletbøker Læringsstrategiar: Aktivere forkunnskapar, omgrepskart, tankekart, attforteljing/samandrag Arbeidsmåtar: • Bruke språkleikar dagleg; Jørgen Frost • La elevane møte store og små bokstavar i klasserommet; namnelappar, plakatar, skilt osv. • Repetisjon av bokstavane elevane har vore gjennom • Leselekse • Lesetrening • Samlesing, rettleia lesing • Arbeide med rim og stavingar	Bokstavprøva frå Lesesenteret i Stavanger, for å registrere framgang eller stagnasjon i bokstavkunnskapen til eleven. <i>Ved skulestart og 3-5 gongar ila 1.kl.</i> UDIR: Frivillig kartleggingsprøve vår 1.trinn.	• Tempolex – samlesing • App-ar • Konkretar	Tema –tips: Viktigheita av repetert lesing heime. Oppfylging heime er gull verd for leseutviklinga til eleven. Leseinfo ved skulestart: viktig å lese for ungane.

	• Høgtlesing, med fokus på å aktivere forkunnskap, spørje spørsmål undervegs, sjå på bilete, omgrepsforståing • Leikelesing • Rimord • Klappe stavingar • Lytte ut lydar i ord • Bruke peikefinger ved lesing • Kople lydar til bokstavar • Ta med hemmeleg bokstavting, fortelje eller lage gåter • Song, ellingar, regler • «Mitt skip er lasta med»			
Skrive				
TEKSTSKAPING: Dørskilt Invitasjon Ynskjeliste Kva likar du best? Bokmelding Til sals Det beste i 1.klasse	Skrive tekster saman. Kople lyd og bokstav. Klassebamse og forteljarstol. Leikeskrive. Diktat (bokstavar og småord) Sekretærskriving (låne skrivehand) Finne bokstavane på tastaturet. Skrive bordar. Bokstavprogram (skrive på tavle, rygg, ark, med pensel etc.)		Ulike appar på læringsbrettet	

	Plakat med bokstav som elevane må spore før dei t.d. går inn i klasserommet.			
TILPASSA OPPLÆRING: Differensierte lesetekster Analyse-omgrep				

2. klasse

Lese, lytte og forstå:	Fokus på / arbeidsmåtar	Kartlegging	Hjelpemiddel	Foreldresamarbeid og -møte
Tema: Klassen vår – høyr på meg – tenk nytt – fakta, faktisk – tekst og bilde/bilete – å fortelje – ord og uttrykk – å skildre				
Språk og grammatikk: Alfabetet Vokalar og konsonantar Enkel teiknsetting Spørjeord Stor bokstav i namn Samansette ord Stum d Diftongar Høgfrekvente ord Grafem Analyseomgrep	Fokus på: Dagleg høgtlesing Læringsstrategiar: aktivere forkunnskap, omgrepskart, tankekart, attforteljning/samandrag, VØL. Innhaldsforståing Auke det aktive ordforrådet Arbeidsmåtar: Språkleikar Arbeide vidare med rim og stavingar Omgrepskart (omgrepsutvikling) Øve på å ta imot kollektive beskjedar Lyd/bokstav, rim og reglar Arbeide vidare med rim og stavingar Samtale rundt ei felles bok/tekst		Sol, Måne, Hane, Ugle++ Ulike appar Skolen Kopiar frå ulike læreverk Stenbråten Aktiv læring – materiell Hyllebok Salaby.no	Info på foreldremøtet om hausten: plan for leseopplæringa. Kva kan heimen hjelpe til med? Følgje opp lese- og skriveleker-> hjelpe elevane med å velja lesenivå. Lese og fortelje for barnet.

	Skildre/forklare Dramatisere t.d. eit eventyr Forteljarstol Delta i korlesing, song, rim og reglar Ordenselev (dag, dato, dagen i dag) Bruke lesefingeren Leselekse Jamleg lesetrening Lesekvart/hyllebok Låne bøker på biblioteket Ha tilgang på eit utval av (lese)bøker med ulike vanskegrad			
Skrive				
Tekstskaping: Venskapsdikt Vekeplan Ønskeliste Heimstaden din Skildre eit dikt Eg er-vers	Skrive og skape egne tekster: Skrive frå f.eks. uteskule, klassebarnse Øve på høghfrekvente ord Skrivesenteret sine opplegg Diktat Enkle tekster som t.d. eventyr, dikt, forteljing og faktasetningar			

Forteljing				
Sakna-plakat				
Tilpassa opplæring:	Bygge ordforråd.		Tempolex	
Lesestrategiar				
Differensierte lesetekster				
Analyse-omgrep				
Heilskapslesing				
Eksempeltekster				

3. klasse

Lese, lytte og forstå:	Fokus på / arbeidsmåtar	Kartlegging	Hjelpemiddel	Foreldresamarbeid og -møte
Tema: Stemma mi - Hallo! - Er det sant? (fakta, kjelder og nettvett) - Vi diktar - forteljingar - teikneseriar - eventyr og fablar - Snikk-snakk				
Språk og grammatikk: Verb Substantiv Adjektiv Rettskriving Synonym og antonym Avsnitt Byggje ut setningar Skildringar Meir teiknsetting	Fokus på: Læringsstrategiar: aktivere forkunnskap. Omgrepskart, tankekart, attforteljing/samandrag, VØL, nøkkelord Dagleg høgtlesing Leseprosjekt med fokus på leseglede Ulike forfattarar Artikulasjon Knyttneveregelen Samtalar rundt tema og omgrep Arbeidsmåtar: Gjennomgang av leselekse, lesing i andre fag Øve på framføringsstrategiar Stillelesing/lesekvart	UDIR kartlegging av lesedugleik (haust). Carlsten leseprøve.	Lesestimuleringsprosjekt med biblioteket; sjå biblioteket sin plan.	

	Høghfrekvente ord Leselekse og attforteljing Repetert lesing av enkle tekster Konsonantopphoping, diftongar, stavingar og samansette ord (lyd, ord, setningsnivå) Ordkjeder Klasselesekurs			
Skrive				
Tekstskaping: Eventyr Teikneserie Eg-dikt Faktatekst Forteljing Reglar for leik Drama Boka om meg	Klassebamsen Forteljarstol Diktat frå øveord Sj og kj-lyden Kjennskap til -ng og -nk som ending Dobbelt/enkel konsonant Stum d/t Innleiing, hovuddel og avslutning Endingar ved bøying av ord Tekstskaping Jobbe med ordklasser			

Tilpassa opplæring:	Klasselesekurs			
Lesestrategiar				
Omgrep				
Eksempeltekster				
Skriverammer				
Djuplesing				
Heilskapslesing				

4. klasse

Lese, lytte og forstå:	Fokus på / arbeidsmåtar	Kartlegging	Hjelpemiddel	Foreldresamarbeid og -møte
Tema: Siste! Siste! (avis, kjeldekritikk, intervju, omtaler) – Skrekk og gru! – Språket ditt og deg – Einig? (argumentasjon) – Scena er di – I tenkeboksen (refleksjon) – Bøkene si verd				
Språk og grammatikk: Verb Substantiv Adjektiv Preposisjonar Bindeord Rettskriving Variere ord og setningar Ordliste Bindeord	Fokus på: Lese for læring i alle fag Faktatekster, fagomgrep, kritisk lesing, framføre egne og andre sine tekster. Lese med flyt. Positiv respons til andre Innhaldforståing 200 høgfrekvente ord Ha lesefart på meir enn 50 ord/min (bør ha 65 ord pr. min) Leseforståing Arbeidsmåtar: Lese ulike tekster med/til ulike formål. Klasselesekurs	Ordkjedetesten Carlsten Sjå kartleggingsplan	Læringsbrett m/app-ar Læreverk Skolen/Salaby Repetert lesing 1 og 2 Damms leseunivers Bokpresentasjonar Forfatterbesøk ein gong pr. år	Info på foreldremøte: Vise til plan for norskfaget t.d. lesekvarten. Individuell forpliktande oppfølging heim – skule. Eit forfatterbesøk i løpet av skuleåret, støtte av kommunalsjef for oppvekst (sjå planen frå biblioteket)

	Leser for læringskamerat Repetert lesing Bruke biblioteket - hyllebok Ulike lesestrategiar Fagtekstskrivning VØL-skjema og nøkkelordnotat Høgtlesing når elevane er - ulike forfattarar, ulike sjangrar Dagleg leselekse Intonasjon – stemme og kroppsspråk som verkemiddel i framføring Attforteljing frå tekst, film, dataspel.			
Skrive				
Tekstskaping: Eventyr Teikneserie Eg-dikt Faktatekst Forteljing Reglar for lek	Fokus på: Skriveglede Skrivestrategiar Rettskriving Grammatikk Skrive ofte Verkemidlar			

Drama Boka om meg	Samansette tekster Sakprega tekster Funksjonell handskrift Enkel og dobbel konsonant Skrive dei 100 mest høgfrekvente orda Arbeidsmåtar: Diktat Attforteljing Bokmeldingar Skrivetimar Plakatar Samandrag Tankekart Nøkkelord Prossessorientert skriving Finne påliteleg fakta Lage teikneserie			
Tilpassa opplæring: Lesestrategiar Djubdelesing	Klasseleskurs		Lesestrategiar – sjekk biblio.no.	

heilskapslesing Omgrep Eksempeltekster Skriverammer			Ulike skriverammer frå skrivesenteret, og gode eksempeltekster som høver.	
--	--	--	---	--

5. klasse

Lese, lytte og forstå:	Fokus på / arbeidsmåtar	Kartlegging	Hjelpemiddel	Foreldresamarbeid og -møte
Tema: Les lurt – Si det – Del eit dikt – Myter og forteljingar – Fakta og kjelder – Språk og dialekter				
Språk og grammatikk:	Fokus på:	Nasjonale prøver	Læringsbrett m/app-ar	Info på foreldremøte:
Substantiv	Lese for læring i alle fag	Ordkjedetesten	Læreverk	Resultat NP
Adjektiv	Meistre høgtlesing for min. ein person	Carlsten	Skolen/Salaby	Individuell forpliktande oppfølging heim - skule
Verb og tid	Fagomgrep		Repetert lesing 1 og 2	Bokpresentasjon ein gong i løpet av skuleåret
Pronomen	Kritisk og bevisst lesing		Damms leseunivers	
Bindeord	Framføre eigne og andre sine tekster		Bokpresentasjonar	<u>Biblioteket deltek på foreldremøte på 5.trinn</u>
Avsnitt	Lese med flyt			
Synonym & antonym	Bruke føremålstenlege lesestrategiar og passande lesestoff			
Teiknsetting	Kjenne att ulike sjangrar			
Rettskriving	Bruk av ulik dialekt			
	Positiv respons til andre			
	Ha lesefart på meir enn 70 ord/min.			
	200 høgfrekvente ord			

	Arbeidsmåtar: Klasselesekurs Lesa for læringskamerat Repetert lesing Bruke biblioteket Lesekvart +(samarbeid med biblioteket): frå etter haustferien. Hyllebok Ulike lesestrategiar Leseforståing VØL-skjema Nøkkelordnotat Høgtlesing når elevane et Dagleg leselekse av ulike forfattarar og ulike sjangrar Intonasjon – stemme og kroppsspråk som verkemiddel i framføring Attforteljing frå tekst, film, dataspel			
Skrive				
Tekstskaping: Bokomtale	Skrive forteljing med innleiing, hovuddel og avslutning		Digitalt verkty (skriveprogram, ordbok)	

Dialog Dikt Forteljing Faktatekst	Vurdere eigne tekster Skrive handlingsreferat av enkel/stutte tekster Skrive brev eller dikt Skrive enkle faktatekster Enkle bøyingsmønster og rettskrivingsreglar Samansette ord Skriving i alle fag			
Tilpassa opplæring: Lesestrategiar Omgrep og fagord Eksempeltekster Skriverammer Djubdelesing Heilskapslesing	Klasselesekurs		Lesestrategiar – sjekk biblio.no. Ulike skriverammer frå skrivesenteret, og gode eksempeltekster som høver.	

6. klasse

Lese, lytte og forstå:	Fokus på / arbeidsmåtar	Kartlegging	Hjelpemiddel	Foreldresamarbeid og -møte
Tema: Di meinig tel – Ord som verkar – Sånn skal det gjerast – Krim og spenning – Spørsmål og svar - Teikneseriar				
Språk og grammatikk:	Fokus på:	Ordkjedetesten	Ordrikt.no	
Preposisjonar	Lære og bruke preposisjonar, adverb og interjeksjonar	Carlsten	Forfattarbesøk gjennom Diktardagar	
Adverb				
Interjeksjonar	Forstå og bruke verb i imperativ			
Verb i imperativ	Bruke språk for å skape spenning og effekt			
Variere språket	Meistre grunnleggjande rettskriving og teiknsetjing			
Språk og spenning				
Teiknsetting	Ha lesefart meir enn 90 (gjærne 100) ord per min.			
Rettskriving	Utvikle gode lesestrategiar (førebu, undervegs, etter lesing)			
	Bygge ordforråd og fagomgrep			
	Forstå tekst både i djupna og heilskapleg			
	Tilpasse opplæringa til ulike nivå og behov			

	Arbeidsmåtar: Lesekvart+ (samarbeid med biblioteket): frå etter haustferien. Praktiske oppgåver: Setningsbygning og utfyllingsoppgåver Skriving i kontekst: bruke grammatikken i eigne forteljingar Modellering: sjå eksempel og skrive saman med lærar Språkleik: leike med ord, lage kreative setningar • Par- og gruppearbeid: samarbeide om oppgåver • Respons og retting: forbetre eigne tekster Modellering av lesestrategiar (tenkjer høgt) Arbeid med omgrep før og etter lesing Bruke eksempeltekster som støtte og inspirasjon Djubdelesing: jobbe grundig med kortare tekster			
--	--	--	--	--

	Heilskapslesing: få oversikt over lengre tekster Variasjon og tilpassing: ulike oppgaver, nivå og støtte			
Skrive				
Tekstskaping: Debattinnlegg Tale Instruksjon Spenningsforteljing Intervju Teikneserie	Fokus på: Skrive ulike typar tekst (debattinnlegg, tale, instruksjon, forteljing, intervju, teikneserie) Tilpasse tekst til formål og mottakar Uttrykke meiningar og budskap tydeleg Skape spenning og samanheng i forteljingar Kombinere tekst og bilete i samansette tekster (teikneserie) Få støtte til skriving gjennom eksempeltekster og skriverammer Kunne variere språket i egne tekster Arbeidsmåtar: Modellering: sjå døme på ulike teksttyper		Digitalt verkty (skriveprogram, ordbok, touch-trening) Lingdys	

	Skriveprosess: idé → utkast → respons → ferdig tekst Munnleg førebuing: samtale før skriving (særleg tale og debatt) Rollespel og intervjuøvingar Kreative oppgåver: lage teikneseriar eller spenningsforteljingar Samarbeid og respons frå medelevene Skriverammer for å hjelpe struktur og innhald			
Tilpassa opplæring: Lesestrategiar Omgrep og fagord Eksempeltekster Skriverammer Djubdelesing Heilskapslesing	Klasselesekurs			

7. klasse

Lese, lytte og forstå:	Fokus på / arbeidsmåtar	Kartlegging	Hjelpemiddel	Foreldresamarbeid og -møte
Tema: Den boka – Fantasy – Språket ditt – Del kunnskap – Kort forklart – Er det greitt?				
Språk og grammatikk: Determinativ Setningsanalyse Dei ti ordklassane Ordforråd Språkleg variasjon Skildringar Bindeord Teiknsetjing Rettskriving	Fokus på: Forstå og bruke ordklassar (inkl. determinativ) Kunne gjere enkel setningsanalyse (ledd i setning) Utvikle variert og presist ordforråd Sjå samanheng i tekst med bindeord Meistre rettskriving og teiknsetjing Forstå språkleg variasjon (dialekt, formelt/uformelt språk) Skrive betre gjennom gode skildringar Bør ha ein lesefart på meir enn 100 ord (bør ha 120 ord per min = TV-teksting) Arbeidsmåtar:	Ordkjedetesten Carlsten	Ordriket.no Skolen: Cappelen damm.	

	Lesekvart+ (samarbeid med biblioteket): 3 månader frå etter haustferien. Praktiske øvingar: sortere ord i ordklassar, bygge setningar Modellering: lærar viser eksempel og «tenkjer høgt» Skriving i kontekst: jobbe med grammatikk i eigne tekster Par- og gruppearbeid: analysere setningar saman Språkleikar og spel (t.d. ordjakt, setningsbygning) Responsarbeid: rette og forbetre eigne og andre sine tekster Kopling til lesing: finne døme i tekster dei les			
Skrive				
Tekstskaping: Innhald, struktur og språk Bokmelding Fantasy-forteljing Saktekst	Fokus på: I tekstskaping på 7. trinn bør elevane arbeide med både innhald, struktur og språk i ulike teksttypar (som bokmelding, forteljing, faktatekst og presentasjon). Dei skal lære å			

Fagpresentasjon Skriftleg refleksjon Forteljning og mikronovelle Samansett tekst	uttrykke egne tankar, bruke fagomgrep og tilpasse tekst til mottakar og formål. Arbeidsmåtar: Modellering (sjå eksempel først) Skriveprosess i fleire steg (idé → utkast → respons → ferdig tekst) Variasjon (munnleg, skriftleg, digitalt) Samarbeid og respons frå medelevarane Målet er å utvikle både kreativitet, fagleg forståing og kommunikasjonsevner.			
Tilpassa opplæring: Lesestrategiar Nøkkelord og samandrag Omgrep og fagord Eksempeltekster Skriverammer Djubdelesing Heilskapslesing	Fokus på: Vidareutvikle lesestrategiar (planleggje, overvake og vurdere eiga lesing) Kunne finne nøkkelord og skrive samandrag Forstå og bruke omgrep og fagord aktivt Lære gjennom eksempeltekster og modellering Få støtte til struktur gjennom skriverammer Utvikle både djubdelesing (forstå i detalj) og heilskapslesing (sjå samanheng) Arbeidsmåtar:			

	Modellering av strategiar (lærer viser korleis) Arbeid med markering av nøkkelord og lage samandrag Førebuing før lesing (ord og omgrep) Bruk av eksempeltekster som utgangspunkt for skriving Skriverammer og støttestrukturar tilpassa nivå Djubdelesing av korte tekster og grundig arbeid med innhald Heilskapslesing av lengre tekster for oversikt og samanheng Tilpassing gjennom ulike oppgåver, tempo og støtte			
--	--	--	--	--

8. klasse

Lese, lytte og forstå:	Fokus på / arbeidsmåtar	Kartlegging	Hjelpemiddel	Foreldresamarbeid og -møte
Tema: Heltar – Skummelt? – Midt imellom – Framtidsvisjonar – Det levande språket – Heilt fantastisk				
Språk og grammatikk: Dei ti ordklassene Ordforråd Språkleg variasjon Hovudmål/sidemål Setningsanalyse Skildringar Novellekjenneteikn Direkte og indirekte tale Lesa utdrag frå alle typar sjangrar	Fokus på: Bør ha ein lesefart på meir enn 120 ord (120 ord per min = TV-teksting) Bli kjent med alle ordklassene Teikneseriar (lydhermande ord) Intervju Samansette tekster Fordjupe seg i ulike tekster Lære seg verkemiddel for å skape spenning i ei tekst. Arbeidsmåtar: Lesekvart+ (samarbeid med biblioteket): frå etter haustferien i -3mnd) Gruppearbeid	Ordkjedetest S-40 Carlsten og udir si kartlegging i lesing. Fleire kartleggingar ved behov. Sjå eigen kartleggingsplan	Digitalt verkty: PC, I-pad (skriveprogram, ordbok, touch-trening), Lingdys skole (for alle), Lingdys+ for dei med dysleksidiagnose Ressurspersonar Skriverammer og eksempelteikster (skrivesenteret.no) Bibliotekbesøk ein gong i mnd. Tilbod om deltaking på Diktardagar	Informasjon om: Resultat NP Individuell forpliktande oppfølging heim – skule Bibliotekinformasjon ved første besøk Elevane får registrere eige tlf.nr/e-postadresse. Purring. Forfattarbesøk via Diktardagar Bokpresentasjon ein gong i løpet av skuleåret Lesekvart+

	Studere eksempeltekster og lage egne tekster med eksempelteksta som mal. Samanlikne tekster Lese og tolke informasjon, oppgåvetekster, skildringar og antydingar Lesa for fadderungane sine som nå går i 3.klasse.			
Skrive				
Tekstskaping: Bokmelding Fantasy Fagtekst/skjønn-litterært Fagpresentasjon Skriftleg refleksjon Forteljning Ulike typar noveller Samansette tekster	Fokus på: Vidareutvikle tekstskapinga på ulike måtar Lære å skrive debattinnlegg (bruke eksempeltekst) Finne likskap mellom tekster Lære å skrive fagartiklar (bruke eks.) Gjennomføre ein presentasjon Lære å skrive dramatekster Lære å skrive moderne eventyr. Lære litt om samisk språk og historie Touch-trening Arbeidsmåtar: Studere eksempeltekster og lage egne tekster med eksempelteksta som mal.			

	Samanlikne tekster Lese og tolke informasjon, oppgåvetekster, skildringar og antydingar			
Tilpassa opplæring: Lesestrategiar Omgrep og fagord Eksempeltekster Skriverammer Djubdelesing Heilskapslesing	Fokus på: Vidareutvikle lesestrategiar (planleggje, overvake og vurdere eiga lesing) Kunne finne nøkkelord og skrive samandrag Forstå og bruke omgrep og fagord aktivt Lære gjennom eksempeltekster og modellering Få støtte til struktur gjennom skriverammer Utvikle både djubdelesing (forstå i detalj) og heilskapslesing (sjå samanheng) Arbeidsmåtar: Modellering av strategiar (lærer viser korleis) Arbeid med markering av nøkkelord og lage samandrag Førebuing før lesing (ord og omgrep) Bruk av eksempeltekster som utgangspunkt for skriving Skriverammer og støttestrukturar tilpassa nivå			

	Djubdelesing av korte tekster og grundig arbeid med innhald Heilskapslesing av lengre tekster for oversikt og samanheng Tilpassing gjennom ulike oppgåver, tempo og støtte			
--	---	--	--	--

9. klasse

Lese, lytte og forstå:	Fokus på / arbeidsmåtar	Kartlegging	Hjelpemiddel	Foreldresamarbeid og -møte
Tema: I andre sine liv – Ordet er ditt! – Medgang og motgang – Kva er det norske? – Det mangfaldige språket - Generasjonar				
Språk og grammatikk: Dei ti ordklassene Ordforråd Språkleg variasjon Hovudmål/sidemål Setningsanalyse Skildringar Litterære kjenneteikn	Fokus på: Bør ha ein lesefart på meir enn 140 ord (120 ord per min = TV-teksting) Bli kjent med mikropoesi Fordjupe seg i og tolke novelle Lære nye norskfaglege ord/uttrykk, og arbeide med og/å Lære om retorikk og utforske ei tale med retoriske omgrep (etos, patos og logos)	Ordkjedetest S-40 Carlsten og udir si kartlegging i lesing. Fleire kartleggingar ved behov. Sjå eigen kartleggingsplan	Digitale verkty: PC, iPad (skriveprogram, ordbok, touch-trening) Digitalt verkty: PC, I-pad (skriveprogram, ordbok, touch-trening), Lingdys skole (for alle), Lingdys+ for dei med dysleksidiagnose	Informasjon om: Resultat NP Individuell forpliktande oppfølging heim – skule Eit forfattarbesøk i løpet av skuleåret. Lesekvart+

Litterære verkemiddel Direkte og indirekte tale Les utdrag frå alle typar sjangrar.	Lære seg å lesa mellom linene Lære litt om samisk språk og historie Lære om nasjonalromantikken og om å lesa eldre tekster Lære om offisielle språk, dialektkjenneteikn og minoritetsspråk i Norge Arbeidsmåtar: Lesekvart+ (samarbeid med biblioteket): frå etter haustferien i 3mnd) Les eksempeltekst av omtale og skrive eigen Bli kjent med ulike måtar å fortelja ei historie på. Kva gjev sterkast inntrykk? Arbeide med å utvide eit augeblikk og å skrive direkte og personleg Utforske songtekster skrive på dialekt Argumenterande tekst Lære om og utforske biografier		Ressurspersonar Bibliotekbesøk ein gong i mnd. Tilbod om deltaking på Diktardagar	
Skrive				
Tekstskaping: Diktlesing, -analyse og diktskriving	Fokus på: Lære om å skrive ei omtale, lesa eksempeltekst og skrive eiga omtale			

Argumentasjon og drøfting Sjangerlære Hovudmål og sidemål Kjeldehenvising	Lære om å skrive drøftingsartikkel, lesa eksempeltekst og skrive egne drøftingsartiklar Lære om å skrive ei novelle, lesa ei eksempeltekst og skrive egne noveller Lære om å eksperimentere med sjangrar, lese ei eksempeltekst og skrive egne eksperimenterande tekster Lære om bakgrunnen for at vi har to skriftspråk Lære om å skrive dikt, lese eksempeltekst og skrive egne dikt Arbeidsmåtar: Arbeide med formelt språk og snakkeskriving Skrive rapport (bruk eksempeltekst) Arbeide med å sitere			
Tilpassa opplæring: Lesestrategiar Omgrep og fagord Eksempeltekster Skriverammer Djubdelesing Heilskapslesing	Fokus på: Vidareutvikle lesestrategiar (planleggje, overvake og vurdere eiga lesing) Kunne finne nøkkelord og skrive samandrag Forstå og bruke omgrep og fagord aktivt Lære gjennom eksempeltekster og modellering Få støtte til struktur gjennom skriverammer			

	Utvikle både djubdelesing (forstå i detalj) og heilskapslesing (sjå samanheng) Arbeidsmåtar: Modellering av strategiar (lærar viser korleis) Arbeid med markering av nøkkelord og lage samandrag Førebuing før lesing (ord og omgrep) Bruk av eksempeltekster som utgangspunkt for skriving Skriverammer og støttestrukturar tilpassa nivå Djubdelesing av korte tekster og grundig arbeid med innhald Heilskapslesing av lengre tekster for oversikt og samanheng Tilpassing gjennom ulike oppgåver, tempo og støtte			
--	--	--	--	--

10. klasse

Lese, lytte og forstå:	Fokus på / arbeidsmåtar	Kartlegging	Hjelpemiddel	Foreldresamarbeid og -møte
------------------------	-------------------------	-------------	--------------	----------------------------

Tema: Nesten heilt perfekt? - Språk på godt og vondt - Løgn eller sannheit – Saman - Du store verda – Vegval - Litteraturhistorie/tidslinje - Sjangeroversikt - Grammatikk sidemål - kjelder og kjeldebruk

Språk og grammatikk:	Fokus på:	Ordkjedetest	Lesekvart+ (samarbeid med biblioteket): frå etter haustferien i 3mnd)	Informasjon om:
Dei ti ordklassene	Bør ha ein lesefart på meir enn 150 ord (120 ord per min = TV-teksting)	S-40		Elevane les for barnehagebarn (skulestartarane)
Ordforråd	Lære om overgangen frå nasjonalromatikken til realismen, og utforske ei novelle frå ei anna tid	Carlsten	Digitalt verkty: PC, I-pad (skriveprogram, ordbok, touch-trening),	Opplegg med informasjon om biletbøker på førehand
Språkleg variasjon	Lære om nabospråk, og lesa og tolke eit dikt på dansk	Fleire kartleggingar ved behov. Sjå eigen kartleggingsplan	Lingdys skole (for alle), Lingdys+ for dei med dysleksidiagnose	Lesekvart+
Hovudmål/sidemål	Lære nye ord, og lære om det danske talsystemet		Ressurspersonar	
Setningsanalyse	Lære nye ord, lære om ordstilling, reflektere over språk i endring og om å uttrykke seg positivt		Bibliotekbesøk ein gong i mnd.	
Skildringar	Lære om klassikarar, om Ibsen og realismen		Tilbod om deltaking på Diktardagar d.	
Litterære kjenneteikn	Lære om retorisk analyse			
Litterære verkemiddel	Lære korleis språket kan informere og påverke			
Direkte og indirekte tale	Arbeidsmåtar:			
Les utdrag frå alle typar sjangrar.	Undersøkje samansett tekst			
Norsk språk i endring	Fordjupe seg i språk, innhald og verkemiddel i eit romanutdrag			

	Lesar for ungane (skulestartarane) i bhg. med opplegg rundt multimodale bøker(biletbøker) i forkant. Samanlikne og vurdere to kampanjar, utforme eigen kampanje Faktasjekke påstandar Lesar og utforske litterære periodar			
Skrive				
Tekstskaping: Retorikk/talekunst Samanlikning (t.d. Ibsen mot tekster frå nyare tid) Argumentasjon og drøfting. Sjangerlære. Hovudmål og sidemål. Kjeldehenvising.	Fokus på: Lære om å skrive ei samanlikning, lesa ei eksempeltekst og skrive egne samanlikningar Lære om å skrive essay, lese ei eksempeltekst og skrive egne essay Lære om å skrive ei analyse, lese ei eksempeltekst og skrive egne analyser Lære meir om å skrive drøftingsartikkel, lesa ei eksempeltekst og skrive egne drøftingsartiklar Lære meir om å skrive ei novelle, lesa ei eksempeltekst og skrive egne noveller Lære om å skrive ei tolking, lesa ei eksempeltekst og skrive egne novelletolkingar Lære om klassikarar, om Ibsen og realismen Lære om tekstbinding			

	Lære om svensk som nabospråk Lære om Knut Hamsun og nyromantikken som litterær periode, og utforske utdrag frå ein nyromantisk roman Arbeidsmåtar: Arbeide med skilnadane på genitiv i nynorsk og bokmål Samanlikne og vurdere to kampanjar, utforme eigen kampanje Jobbe med dei ulike ordklassene i dei to skriftspråka vi har i Noreg, og sjå ekstra på skilnadane. Samfunnskritikk og samfunnsrealisme i ulike tekster Vurdere bruk av retoriske appellformer Multimodalitet			
Tilpassa opplæring: Lesestrategiar Omgrep og fagord Eksempeltekster Skriverammer Djubdelesing	Fokus på: Vidareutvikle lesestrategiar (planleggje, overvake og vurdere eiga lesing) Kunne finne nøkkelord og skrive samandrag Forstå og bruke omgrep og fagord aktivt Lære gjennom eksempeltekster og modellering			

Heilskapslesing	Få støtte til struktur gjennom skriverammer Utvikle både djupelesing (forstå i detalj) og heilskapslesing (sjå samanheng) Arbeidsmåtar: Modellering av strategiar (lærar viser korleis) Arbeid med markering av nøkkelord og lage samandrag Førebuing før lesing (ord og omgrep) Bruk av eksempeltekster som utgangspunkt for skriving Skriverammer og støttestrukturar tilpassa nivå Djupelesing av korte tekster og grundig arbeid med innhald Heilskapslesing av lengre tekster for oversikt og samanheng Tilpassing gjennom ulike oppgåver, tempo og støtte			
-----------------	---	--	--	--

Biblioteket

Alder	Faste tiltak	Stad	Samarbeidspart	Tid
0-1 år	Utdeling av informasjonsbrosjyren til boka "Revungen"	Svangerskapskontroll	Jordmor	
	Bokgåve til alle nyfødde: "Revungen"	Helsestasjon	Helsesjukepleiar	
	Biblioteket deltek på barnekontroll	Helsestasjon	Helsesjukepleiar	
	Babysang	Biblioteket	Aud Gravningen Sørhage	Kvar tysdag i seks veker frå slutten av september (eller i perioden då Babysong ikkje er tilbod via musikk- og kulturskulen)
1-5 år	Biblioteket deltek på foreldremøte kvart 3. år: Motiverer til høgtlesing Presenterer nye barnebøker	Barnehagen	Barnehagen ved leiar	
	Boktaskebiblioteket: Tasker til alle avdelingar: - Utlån ei veke eller 14 dagar pr. taske	Barnehagen	Barnehagen ved dei ansvarlege for Boktaskebiblioteket	

	- Byte ut taskene kvar 3. måned			
	Barnehageles (2 – 5-åringane)		Barnehagen	Juni-september
Barneskulen	Bibliotekbesøk minimum ein gong i månaden for alle klassesteg	Biblioteket	Kontaktlærarar	Kontinuerleg
	Sommarles (biblioteket på inspirasjonsbesøk hos alle klassesteg før 1/6)	Loar skule	Foreldra, kontaktlærarar	Juni-september
1. klasse	Informasjonsbrev og utdeling av lånekort ved skulestart Omvising/enkel brukaropplæring ved første besøk med lærar	Biblioteket	Kontaktlærar	Skulestart
3. klasse	Lesestimuleringsprosjekt mellom vinterferien og påskeferien Bokpresentasjonar kvar veke i perioden Bokorm med enkle bokomtaler (fargesymbol)	Biblioteket	Kontaktlærar	Mars/april

	Avsluttande markering med felles evaluering			
4. klasse	Eit forfattarbesøk i løpet av skuleåret, støtta av kommunalsjef for oppvekst	Biblioteket	Kontaktlærer, kommunalsjef for oppvekst	
5. klasse	Bokpresentasjon ein gong i løpet av skuleåret	Biblioteket	Kontaktlærarar	
	Biblioteket deltek på foreldremøte	Loar skule	Kontaktlærarar	Haust
	«Finn fram i biblioteket»: Brukaropplæring med oppgåver	Biblioteket	Kontaktlærarar	Haust
6. klasse	Forfattarbesøk gjennom Diktardagar	Biblioteket	Kontaktlærarar, Diktardagar	September
	Lesekvart+	Biblioteket/skulen	Kontaktlærarar	Oktober-desember
7. klasse	Bokpresentasjon ein gong i løpet av skuleåret	Biblioteket	Kontaktlærarar	
	Lesekvart+	Biblioteket/skulen	Kontaktlærarar	Oktober-desember
Ungdomsskulen	Bibliotekbesøk minimum ein gong i månaden for alle klassesteg	Biblioteket	Kontaktlærarar	Kontinuerleg
	Alle klassesteg får tilbod om deltaking på Diktardagar	Utgard	Kontaktlærarar	September

8. klasse	Bibliotekinformasjon ved første besøk: Elevane får registrere eige tlf.nr/e-postadresse	Biblioteket	Kontaktlærarar	August/september
	Forfattarbesøk via Diktardagar	Biblioteket	Kontaktlærarar, Diktardagar	September
	Bokpresentasjon ein gong i løpet av skuleåret	Biblioteket	Kontaktlærarar	
	Lesekvart+	Skulen/biblioteket	Kontaktlærarar	Oktober-desember
9. klasse	Eit forfattarbesøk i løpet av skuleåret, støtta av kommunalsjef for oppvekst	Biblioteket	Kontaktlærarar	
	Lesekvart+	Skulen/biblioteket	Kontaktlærarar	Oktober-desember
10. klasse	Elevane les for barnehagebarn: opplegg med informasjon om biletbøker på førehand	Loar barnehage, biblioteket	Kontaktlærarar, tilsette barnehagane	Oktober/november
	Lesekvart+	Skulen/biblioteket	Kontaktlærarar	Oktober-desember

Pedagogisk-psykologisk teneste (PPT)

PPT skal bidra til at barn og elevar får eit inkluderande og tilpassa opplæringstilbod. I arbeidet med språk/ leseopplæring har PPT både ei systemretta og ei individretta rolle. Målet er å bidra til tidleg identifisering av barn i risiko, og støtte barnehage/ skule i å setje inn hensiktsmessige tiltak så tidleg som mogleg. Tidleg innsats er avgjerande for å førebyggje og redusere lesevanskar. Ved bekymring skal barnehage/ skule setje inn tilpassa tiltak og følgje utviklinga til barnet over tid. Kartleggingsprøver og observasjonar skal brukast aktivt for å identifisere dei som treng ekstra støtte. Resultat frå kartlegging gir grunnlag for planlegging av tiltak og tilpassa opplæring. Dersom tiltak i det ordinære ikkje gir tilstrekkeleg utvikling, kan barnehage/ skule drøfte saka med PPT på samtykkedrøfting og evt. tilvise saken. PPT skal også bidra til kompetanseutvikling gjennom rettleiing til barnehage og skule.

Nivå 1 – ordinær opplæring	Nivå 2 – intensiv oppfølging	Nivå 3 – individuelle tiltak
På nivå 1 kan PPT bidra på systemnivå for å styrkje den ordinære språk/ leseopplæringa ved barnehage/ skule. Tenesta bidreg med rettleiing og kompetanseheving for tilsette, mellom anna om tidleg språkutvikling, god og systematisk leseundervisning, tilpassa opplæring, dysleksivennleg undervisning og tidlege teikn på lesevanskar. PPT kan også bidra i utvikling av skulen sin språk/leseplan, gi rettleiing i bruk og tolking av kartleggingsprøver, og støtte barnehage/ skule i å utvikle gode rutinar for tidleg innsats, klasselekurs osv. Målet er å styrkje	På nivå 2 kan PPT bidra med rettleiing og støtte når eit barn/ ei gruppe viser svake resultat/ progresjon i språk/ lesing. Tiltaka er meir målretta og intensive, ofte i mindre grupper eller i korte, strukturerte økter, og skal følgjast opp med jamleg vurdering av utvikling/ progresjon. PPT kan også delta på samtykkedrøfting, og hjelpe lærarar med å tolke kartleggingsresultat for å identifisere kva område barnet strevar mest med, til dømes avkoding, leseflyt eller språk/ leseforståing. Målet på nivå 2 er å gi barn som strevar meir intensiv og systematisk	Nivå 3 er når eit barn ikkje har tilstrekkeleg utbytte av tiltak på nivå 1 og 2. Barnehage/ skule kan då tilvise til PPT for nærare kartlegging og utgreiing. PPT gjennomfører ei utgreiing, og skriv ei sakkyndig vurdering/ gjev tilråding om vidare tilrettelegging eller behov for individuelt tilrettelagt opplæring. PPT kan delta i ansvarsgrupper og gjeva råd til foreldre ut i frå funn som er gjort gjennom utgreiinga. PPT kan også gi råd om korleis intensive tiltak bør planleggjast og organiserast, til dømes som individuell undervisning eller undervisning i små

det førebyggjande arbeidet slik at alle barn får god og systematisk språk/ leseopplæring, og at færrest mogleg får behov for meir omfattande tiltak seinare.	oppfølging, slik at dei får rett støtte tidleg og før ein eventuelt vurderer tiltak på nivå 3.	grupper. PPT kan også gi råd om anna pedagogisk tilrettelegging, som bruk av hjelpemiddel (til dømes lydbøker og kompensatoriske hjelpemidlar), ekstra tid på prøver eller alternative måtar å vise kompetanse på. Målet er å sikre at barnet får tilpassa og målretta opplæring som kan førebyggje eller redusere større språk/ lesevanskar.
--	--	---

Kartleggingsplan for grunnskulen i Lom

Som ein del av satsinga på lesing og lesestrategiar i grunnskulen i Lom, er det utarbeidd ein felles plan for kartlegging. Planen skal vurderast kontinuerleg. Lærarar som skal gjennomføre testar, skal gjera seg godt kjende med dei ulike testane.

HAUST	VÅR	GJENNOM HEILE ÅRET/BÅDE VÅR OG HAUST
-------	-----	--------------------------------------

KARTL.PRØVE	H.st.	Bhg	1.kl	2.k l	3.kl	4.kl	5.kl	6.kl	7.kl	8. kl	9.kl.	10.kl
Språk 4												
TRAS (ved behov)												
Udir kartlegging av lesedugleik og rekning (3.kl)			Ikkje obl.		Obl.							

Nasjonale prøver i Lesing og rekning							sept			se pt	sept	
Nasjonale prøver i engelsk							sept			se pt		
Ordkjedetesten						A	U	G	&	F	E	B
S40 – setn.leseprøve						A	U	G	&	F	E	B
Carlsten - leseprøve						A	U	G	&	F	E	B
Alle teller (om hausten kan ein, i aug./sept., ta testen for steget under.)												Nov.
TESTAR v/ekstra behov/bekymring/utredning:												
Elevers leseutvikling (Lundberg) (fonologi, ordavkoding, flyt og forståing) "God leseutvikling"										Tre oransje bøker frå Cappelen med kopioriginalar til kartlegging og undervisning/øvingar		
Elevers skriveutvikling (Lundberg) (rettskriving, setningsbygning, funksjonell skriving, tekstsaping, interesse og motivasjon) "God skriveutvikling"												
"STAVEPRØVE" frå Lesesenteret UiS (orddiktat med stavefeilkategoriar)										Frå 3.trinn-10.trinn		
"Arbeidsprøva"										Frå 3.trinn-10.trinn		
6-16 (screeningtest frå Statped som testar setningsminne, ordspenn, omgrep, fonologisk bevisstheit, grammatikk, ordavkoding og lesehastigheit)										6- 16 år		
"REGNEFAKTAPRØVE" frå Lesesenteret UiS (effektivitet i gr. leggande rekning)										Frå 2.trinn-10.trinn		
Snorre Ostad sin strategikartlegging (vurdering av strategibruk) UiS (Ressurshefte til boken Strategier, strategiobservasjon og strategiopplæring med fokus på elever med matematikkvansker)										Ved bekymring i gr. skulen.		

HAUST	VÅR	GJ. HEILE ÅRET/BÅDE VÅR OG HAUST				Annakvart år		Kontinuerleg ved bekymring			
KARTLEGGING		1.kl	2.kl	3.kl	4.kl	5.kl	6.kl	7.kl	8.kl	9.kl	10.kl
Psyk.sos.miljø											
Udir. elevundersøkinga											
Spekter											
→ Sosiagram											
Relasjonskartl.											
SEPU											
Fråvær/nærvær. "Hver dag teller."											
Ungdata/ ungdata junior											
Link											
skulestartsamtale											
Trivsels-/helsesamtale											
ESBA "Elementary Social Behavioral Assessment"								X	X (vår?)		